



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
45/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	11.06.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	FE-141	14/1401

### KOMMUNEPLAN AREALDEL, OPPSUMMERING OG HANDTERING AV MERKNADER OG TILRÅDING OM NY AVGRENSA HØYRING

#### Vedlegg:

KPA Føresegner\_2\_gongs\_høyring  
5153130\_Plankart\_Vaksdal\_2.gongs\_høyring  
KPA\_Planomtale\_2\_gongs\_høyring  
KPA\_KU og ROS\_2\_gongs\_høyring  
KPA\_Samanfatning av innspel

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

FPØ vedtek at revidert planforslag til ny arealdel av kommuneplanen skal ut til avgrensa høyring og offentleg ettersyn, jf. Plan- og bygningslova § 11-14.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 45/2019

#### FPØ - Behandling:

Kommuneplanleggjar orienterte.

Samrøystes vedtak.

#### FPØ - Vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet vedtek at revidert planforslag til ny arealdel av kommuneplanen skal ut til avgrensa høyring og offentleg ettersyn, jf. Plan- og bygningslova § 11-14.

#### Saksopplysningar:

Arealdelen til kommuneplanen har vore til høyring og offentleg ettersyn. Innkomne merknader med tilrådingar er vedlagt i «KPA Samanfating av innspel».

Rullering av kommuneplanen har hatt som målsetting ein fleksibel og framtidretta plan. Viktige premisser har vore å finne ei tilpassing til statleg plan for nye trasèar og behov for å tilrettelegge framtidige løysingar i stasjonsbyane. Samstundes har det også vore viktig å tilrettelegge for bustad-, fritidsbustad- og næringsutvikling. Kommunen ynskjer ei berekraftig utvikling for vekst, attraktivitet

og trivsel. I kommuneplanen sin samfunnsdelen vart verdiane samhald, open og nyskapande vald for heile kommunen, og målsettingane knytt til dette har eit klart folkehelseperspektiv.

Både planframlegget, gjennomgangen av høyringsinnspela og rådmannen sitt svar/tilråding etter høyring har teke utgangspunkt i desse målsettingane. Likebehandling er viktig prinsipp som også er vurderingskriterium, og nye innspel i avsluttande fase bør ein tilrå løyst i andre prosessar. Prinsippet er at forslag kan takast ut av planforslaget utan ny høyring, men å ta inn nye forslag utløyer konsekvensutgreiing og ny høyring.

### **Samandrag/konklusjon (kort om saka)**

Etter høyring, merknadshandsaming og dialogmøte med Fylkesmannen vil rådmannen tilrå ny avgrensa høyring knytt til arealføremålet *landbruk/natur/fritid* (LNF) og føresegn knytt til bustader og fritidsbustader i LNF-område i kategorien LNF-spreidd.

### **Bakgrunn for saka og formelt grunnlag**

Forslag til plandokument for arealdelen av kommuneplanen (KPA) vart presentert i Kommunestyret 1. oktober. Dette planforslaget vart, i sak 70/2018, 15. oktober 2018, i Formannskap/plan- og økonomiutval vedtatt sendt til høyring og leggst ut til offentleg ettersyn, jamfør Plan- og bygningslova §11-14.

Høyringsdokumenta vart sendt ut 19. oktober 2018, med høyringsfrist 20. desember 2018. Fleire etatar og organisasjonar ba om utsett frist, og kommunen vart nøydd å akseptere utsett frist for Hordaland fylkeskommune/KIRU til etter deira møte 11. februar 2019.

Offentleg ettersyn vart kunngjort i Vaksdalposten og dokumenta var tilgjengeleg på kommunen sine nettsider, samt papirversjon i alle byar og bygder. Det vart arrangert informasjonsmøter i alle skulekrinsar og i Bergsdalen, i tillegg til næringssekskapet og -rådet.

Det er kome inn i alt 49 høyringsinnspel. 14 stk frå offentlege etatar og nabokommunar, 17 frå lag/organisasjonar og 18 frå privatpersonar. Nokre av desse frå privatpersonar er ei samanslutning av fleire, til dømes naboar. Dette framgår av vedlagt merknadsoppsummering.

Fleire av dei offentlege etatane har anledning til å kome med motsegn mot planen, og det er Fylkesmannen som har samordningsansvar for desse. I januar 2019 vart det difor gjennomført eit dialogmøte mellom Fylkesmannen, kommunen, Statens vegvesen, BaneNOR og NVE. Dialogmøtet avdekka at det ikkje var vesentlege konflikhtar mellom partane, og kommunen gjer dei endringane og presiseringane som vart etterspurt. I etterkant kom Hordaland fylkeskommune/KIRU med to motsegnspunkt, som kommunen har løyst i direkte dialog med fylkeskommunen. Alle motsegnspunkta og løysingar framgår av merknadsoppsummeringa, som er vedlagt, og grunnlag for tilråding til vidare saksgang.

Den enkeltsaka som har flest reaksjonar frå lag/organisasjonar og private er arealføremål for sjøfylling på Stanghelle, og då særleg Agnavika. Dette er tilrådd tatt ut frå planen. Deretter er det heilårs turløype frå Brekke til kommunegrensa i Bergsdalen som har skapt diskusjon i lokalmiljøet. Denne er illustrert i plankartet som ein «intensjon», og ikkje som ein fastlagt trasè. Tilrådinga er å behalde denne, for ei vidare avklaring med konsekvensvurdering og mogleg regulering. Det er i gang eit samarbeid mellom Vaksdal næringssekskap og Bergsdalen jordbrukslag om dette.

### **Ny avgrensa høyring**

Det er likevel ein viktig grunn til at administrasjonen vil tilrå ei ny, avgrensa høyring. I rulleringa av KPA har det vore ein viktig strategi å få ein fleksibel og framtidsretta plan, noko som også vil minske behovet for dispensasjonssøknader frå plan. Sidan kommunen har mange bustader i LNF-område

som ikkje er knytt til landbruk har det vore ynskjeleg å gje desse meir fleksible rammer enn dei har i reine LNF-område. Det same gjeld hytteområder. Løysing for dette var del av planframlegget til høyring.

Løysinga i høyringsutkastet er i følge Fylkesmannen ikkje innanfor dei juridiske rammene. For å vere løysingsorientert har kommunen og Fylkesmannen drøfta ei løysing med «avgrensa høyring». Kommunen møtte diverre ikkje motforestillingar til dei føreslåtte plangrepa i «Planforum», eit fora for dei offentlege regionale etatane, då planframlegget vart presentert og diskutert 12. desember 2017. Å få endre dette no før planen vert ferdigstilt for vedtak er vurdert til å vere viktig for ganske mange innbyggjarar, særleg i områda Straume-Stamnes, men også på Helle og i andre område. I desse områda er det mange bustader i LNF-område som ligg ganske tett, ikkje er knytte til landbruk, og som er naturleg å gje LNF-spreidd føremål. Det same gjeld for LNF-spreidd for fritidsbustader. Dei eksisterande areala som er LNF-spreidd med kvote vert behalde uendra, eller justert etter dialogmøte med Fylkesmannen.

### **Vurdering og konsekvensar**

Kommuneplanprosessen har no vart i fire år. Dette er for så vidt ikkje uvanleg, men likevel lang tid. Det har vore semje mellom rådmann og FPØ/Kommunestyre at det har vore nødvendig å periodevis vente på avklaringar for statleg plan. Det er viktig for kommunen å «lande» KPA no.

Rådmannen har motteke gode kritikkar frå fleire av dei regionale myndigheitene, og me meiner at planforslaget er godt og fleksibelt nok for komande planperiode. Det har vore førelagt politisk nivå i kommunen i fleire omgangar, med etterfølgjande endringar. Det vil vere mange som har fått sine innspel innarbeidd i planen, og enkelte som ikkje har fått ønska sine oppfylt. Slik vil det alltid vere når enkeltsaker blir vurdert i eit større samfunnsbilette. Det er likevel ynskjeleg og ei god forbetring å endre og utvide bruken av arealføremålet LNF-spreidd med tilhøyrande føresegner.

Tilrådinga er å slutte seg til dei endringane som merknadsdokumentet gjer greie for, og sender nytt utkast til KPA på ei avgrensa høyring. Målsettinga er å få fram eit endeleg dokument til vedtak i Kommunestyret i august/september 2019.

Forslag til høyringsbrev;

### **Informasjonsbrev - avgrensa høyring av revidert framlegg til kommuneplanen sin arealdel for Vaksdal kommune**

Statlege og regionale myndigheiter, andre off. organ, lag/organisasjonar, m.fl., vert med dette informert om at Vaksdal kommune legg **revidert framlegg til ny arealdel av kommuneplanen ut til avgrensa høyring og off. ettersyn.**

Til orientering var framlegg til ny kommuneplan på full høyring i perioden 19. oktober til 20. desember 2018.

Revidert planframlegg vert kunngjort på Vaksdal kommune sine nettsider [www.vaksdal.kommune.no](http://www.vaksdal.kommune.no) og i Vaksdalposten den **x.juni 2019**. Plansaka er på avgrensa høyring i tida **x.juni - x.juli/august 2019**. Det er berre merknader som gjeld det aktuelle temaet som vil bli vurdert og kommentert. Dette gjeld arealføremål LNF-spreidd og føresegnene § x.x.x, § x.x.x. Kvotar for fortetting frå planframlegget som har vore til høyring er uendra eller justert i dialog med Fylkesmannen. Det er ikkje nødvendig å ta opp att tidlegare innsendt merknad.

Innspel og merknad til planframlegget må setjast fram skriftleg innan den **x.juli/august 2019** og sendast til Vaksdal kommune, Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam, eller e-post;

[post@vaksdal.kommune.no](mailto:post@vaksdal.kommune.no)

Evt. spørsmål kan rettast til Gjertrud Karevoll, [gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no](mailto:gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no), eller til [post@vaksdal.kommune.no](mailto:post@vaksdal.kommune.no)